



Blås rundt eit glas og få flagga til å blafre!

TEKST: BIRTHE HODNEKVAM OG LUKAS ANDRÉ RØDLAND
ILLUSTRASJON: BOLDT


Du treng:

- Eit sylinderforma glas
- Fargeblyantar eller tusj
- Ein liten Post it-lapp
- Ein blyant
- Teip




1

Teikn det norske flagget på Post it-lappen.



2

Fest eit hjørne av lappen på blyanten (NB! Ikkje fest heile sida.) Då har du ei lita flaggstong med flagg.



3

No må du få blyantflaggstonga til å stå støtt. Fest den til kanten av eit bord med teip.

4

Hald glaset omtrent 10 cm frå munnen din og blås rett mot flagget.


5

Skjer det noko?



6

Eksperimenter med å flytte glaset lenger bak og lenger fram og forsøk å finne den avstanden mellom glaset og flagget som gir mest vind i flagget.



7

Prøv også å flytte deg sjølv og glaset omtrent 10 cm til sida. Blås rett mot glaset igjen. Blafar flagget meir eller mindre no?



Kva skjer?

Når du blæs luft på glaset, set du lufta rundt glaset i rørslé. Luftstraumane følgjer den bua forma til glaset, og straumane møtest på baksida av glaset. Flagget blafar mest når du blæs rett mot glaset fordi det blir treft av luftstraumane som kjem frå begge sider av glaset.

Prøv eit liknande eksperiment med vatn

Du treng:

Eit sylinderforma glas og ein vask med vasskran, til dømes på kjøkkenet.


1

La glasa liggje i handa.



2

Set på vasskrana.



3

Kva trur du vil skje med vatnet når vi puttar glaset inn i vasstrålen?

4

La glasa berøre vatnet.



5

Skjedde det du trudde skulle skje?

Kva skjer?

Akkurat som med lufta vi bles på glaset i det første forsøket, vil også vatnet følgje den bua forma til glaset. Dermed vil ikkje vatnet sprute utover når glaset berører vatnet som ein kanskje skulle tru, men berre renne rundt glaset og ned i kummen.